

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 24.03.2015
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

| | |
|-----------------|--------|
| Lise Reinertsen | Leiar |
| Gunnar Berge | Medlem |

Forfall

| | |
|--------------------|--------|
| Lise Karin Strømme | Medlem |
|--------------------|--------|

Deltakar frå administrasjonen

Konsernrekneskapsjef Berit Bore (sak 11)

Forfall frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)
Internrevisor Lene Lie

Deltakarar frå ekstern revisor

Statsautorisert revisor og partner i EY, Tommy Lothe

Sakliste:

Sak 09/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 10/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 12.02.2015
Sak 11/15 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2014
Sak 12/15 O Revisjonsrapport - Internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar
Sak 13/15 O Status på internrevisjon og prioritering av prosjekt
Sak 14/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015
Sak 15/15 B Eventuelt

Sak 09/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 10/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 12.02.2015

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 12.02.2015.

Sak 11/15 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2014

Oppsummering:

Sakspapira låg ikkje klar til utvalet si behandling. Det vart halde presentasjonar frå revisor og konsernrekneskapsleiar med påfølgjande spørsmål og svar.

Overlegepermisjonar synest å ha fått eit løft med felles praksis i føretaka og utvalet merker seg at revisor har redusert si vurdering av risiko på dette området i 2014 frå 2013. Utvalet merker seg òg at pensjonsområdet har potensielt store utfordringar framover, og då særleg knytt til «pensjonskorridoren».

Utvalet spurte om omfanget av revisors konsulenttenester overfor Helse Vest. Svaret var at det har vore ei svært restriktiv linje i alle år, men i 2014 vart det brukt ein del til gjennomgang av økonomisk internkontroll i private institusjonar.

Utvalet merker seg at totalresultatet i Helse Vest er godt og betre enn målsatt, men utvalet finn grunn til å uttrykke si bekymring for at resultatet i Helse Stavanger er merkbart dårlegere enn resultatkravet.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar informasjon frå eksterntrevisor og administrasjonen til orientering.

Sak 12/15 O Revisjonsrapport - Internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar

Oppsummering:

Internrevisjonen presenterte rapporten og svarte på spørsmål undervegs.

Revisjonsutvalet fann grunn til å merke seg at institusjonane er definerte som somatiske, men at dei i monaleg grad òg vil motta pasientar kor psykisk helse spelar ei rolle. Utvalet merker seg òg utsegn frå internrevisjonen om at det knytt seg usikkerheit til kvaliteten på aktivitetstala, og om forskingsbasert kunnskap om nytteverdien over tid.

Det blir lagt opp til at det ved seinare oppfølging av rapporten, vil vere RHF-et som blir adressert, ikkje institusjonane.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Sak 13/15 O Status på internrevisjon og prioritering av prosjekt

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom status på igangsatte prosjekt og la fram mandat for to nye prosjekt (avvik og korridorpatientar). Utvalet viste til at det under styrebehandlinga av revisjonsplanen vart spurt om handteringa av varslingar i Helse Vest og tilgang til pasientjournaler kunne vere tema for seinare internrevisjon. Utvalet vil komme tilbake til dette og rekkefølgen på prosjekt frå revisjonsplanen på eit seinare tidspunkt. Utvalet ber òg om at mandat for kommande revisjonsprosjekt er tydeligare på ressursanslag (interne og/eller interne krefter) samt planlagt varigheit.

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonsutvalet tar internrevisors statusorientering til orientering.
2. Utvalet prioriterer prosjekta om korridorpatientar og avviksbehandling først, og vil kome tilbake til nærare rekkefølge på sitt neste møte.

Sak 14/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015

Oppsummering:

Internrevisor orienterte om at det neppe blir fellesmøte med dei andre revisjonsutvala i 2015. Ein vil komme tilbake til tematikken på neste møte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering.

Sak 15/15 O Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

24.3.2015

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Gunnar Berge (Medlem)